

SLUTTRAPPORT:

INN PÅ TUNET TILBOD TIL HEIMEBUANDE DEMENTE I TIDLEG FASE,

Mollandsmarki, Luster Kommune 2010



Bilete frå Sogn Avis i samband med omtale av pilotprosjektet: IPT tilbod til heimebuande demente på Sie, Mollandsmarki. Frå venstre: Soneleiar Britt Veum Hauge, Avdelingssjukepleiar off. heimetenester, Tone Kveane, prosjektleiar for Inn på Tunet, Kjersti Eikum Tang og Gunnar Sie tilbydar på Mollandsmarki.

INNHALD

1.0 Bakgrunn og samandrag.....	3
2.0 Inn på tunet på Sieøygarden, Mollandsmarki.....	3
3.0. Rekneskapsoversyn: Tilbodet til heimebuande demente i tidleg fase.....	5
4.0 Sluttkommentar/konklusjonar.....	5

1.0 Bakgrunn og samandrag

Luster kommune hadde i 2008 eit prosjekt, der eldreomsorga i kommunen skulle vurderast. Som eit ledd i dette arbeidet ville ein prøva å få eit betre utvikla heimetilbod til eldre, for å avlaste heildøgns plassane noko. I tillegg synte ei brukarundersøking i kommunen at det punktet kommunen kom dårlegast ut på blant eldre, var aktivitet.

I ei kartlegging demensteamet gjorde i 2005, ser ein at dette er ei gruppe som manglar gode dagtilbod i kommunen. Dei passar ikkje alltid inn på arbeidsstovene, og kan ofte verte urolege og rastlause i høve til dei andre brukarane.

Det var derfor eit mål å utvida aktivitetstilboda i meir allsidig lei.

Etter søknad om BU-midlar til prosjekt: "Tilbod til heimebuande demente i tidleg fase" , Mollandsmarki, fekk Luster kommune løyvd kr. 187 000,- til dette prosjektet, jf. Løyvingsbrev datert 20.05.2008. Prosjektet fekk, etter søknad, utsett arbeidsfrist til 31.12.2010.

Det har vore utført evalueringar av prosjektet med ulike mellomrom, både frå tilbydar og frå kjøpar si side. Desse er vedlagt. Hovudkonklusjonen er at tilbodet har vore, og er svært vellukka, og at det fungerer godt sett frå dei ulike partane si side.

2.0 Inn på tunet på Sieøygarden, Mollandsmarki

Det var i startfasen for prosjektet møte med tilbydarane og heimetenesta i kommunen, der ein utvikla eit dagtilbod til demente som skal vere til beste for brukaren. Før prosjektet starta opp vart det utarbeida skriftleg avtale mellom Luster kommune og Sie Øygarden. Denne avtalen var for perioden 25.08.08 – 01.09.09. Avtalen vart fornya, og noverande avtaleperiode er 01.09.09-31.12.2011. Tilbodet er no budsjettfesta under Luster heimeteneste.

Gunnar er utdanna hjelpepleiar, og jobbar til dagleg 50 % stilling i heimetenesta i kommunen. Han har tilleggsutdanning innan Geriatri. I tillegg har han fagbrev som tømrrar, og driv garden der dei har sau.

Kristin har høgskuleutdanning innan økonomi. Ho har allsidig arbeidserfaring frå ulike område, både praktisk og teoretisk. Ho m.a. teke eit grunnkurs i demens på 30 timar.

Tilbodet gir brukarane tilrettelagte aktivitetar, og dei er heile tida begge to tilstades for brukarane. Dei har tilrettelagt for både inne og uteaktivitetar. Dagsform, ver og føreforhold vert alltid teke omsyn til.

Aktivitetane er enkelt gardsarbeid og dyrestell (sau), inneaktivitetar som baking og husflid og turar i naturen rundt og på småbruket. Tilbodet vert tilpassa den enkelte brukar. Brukarane vert henta og køyrde heim av tilbydarane. Tilbodet er ein dag i veka, 4-6 brukarar. Pr. 31.12.2010 er det 5 brukarar av tilbodet. Det inngår eit varmt måltid, samt kaffi og kaffimat i tilbodet. Opphaldet på garden varer i ca 4 timar

Det er Luster heimeteneste som tilviser. Ein får plass her etter same søknadsskjema og tilvisningsprosedyre som på dei andre dagplassane i kommunen.

I samband med at Luster kommune starta opp prosjektet "Inn på tunet" hausten 2008 vart kommunen kontakta av Nasjonalt senter for aldring og helse. Me vart førespurde om me kunne tenka oss å vera med i prosjektet: "Dagtilbod og avlastningsordningar for heimebuande personar med demens." Dette prosjektet er i oppdrag av Helsedirektoratet, og starta opp som eit ledd i gjennomføringa av Demensplan 2015 "Den gode dagen." Luster kommune underteikna kontrakt, og ein sjukepleiar har fungert som prosjektleiar. Dette prosjektet er no avslutta, og pr. 31.12.10 er arbeidet med prosjektrapport i gang hjå Nasjonalt senter for aldring og helse.

Kostnader pr. mnd:

Transport

Gjennomsnitt 30 km kvar veg med takstar 3,65 kr/km + 0,9kr km pr passasjer

Ved 5 pasasjerar t/r ein gong i veka vert det 30 km x 8,15 x 4veker = kr. **978**

Utan passasjer(halve strekningen) 30 km x 3,65 kr x4veker = kr. **438**

Sum transport kr. 1416

Mat, leige av garden, løn

Eit varmt måltid, kaffi og kaffimat kr. 4000kr x 4

Totalt pr. mnd. Ca. Kr. 17 416,-

3.0. Rekneskapsversyn: Tilbodet til heimebuande demente i tidleg fase

	2008	2009	2010	
Betaling for teneste	53 791	151 328	163 805	
Kurs/reise		1 914	2 230	
TOTALT	53 791	153 242	166 035	373 368

Finansiering

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	187 000,- (50%)
Luster kommune	187 000,- (50%)
TOTALT	374 000

4.0 Sluttkommentar/konklusjonar

Tilbodet til heimebuande demente i tidleg fase på Mollandsmarki har fungert svært godt. Det tilseier all evaluering av prosjektet hittil, og vert stadfesta m.a. av at inneverande avtaleperiode er forlenga i høve utgangspunktet (gjeld no for 2 år og 4 mnd.) og at tilbodet er budsjettert med under omsorg.

Det har kome fram utfordringar undervegs, som det går fram av evalueringsnotata, og desse må løysast framover. Dette går m.a. på utfordringar knytt til fysikk hjå brukarane og rekruttering av nye brukarar demente i tidleg fase. Ofte ser ein at dei demente som vert "fanga opp" i systemet har kome langt i sjukdomsforløpet, og dermed fell utanfor tilbodet på Mollandsmarka.

Tore Eriksen
Rådmann

Marianne Bugge
landbruksrådgjevar/ IPT koordinator